

## **Forskrift om omdisponering av inntil 10 prosent av timane i faga til andre fag**

### **KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hyllestad kommune vedtek "Forskrift om omdisponering av inntil 10 prosent av timane i faga til andre fag" slik den ligg føre.

### **Forskrift om omdisponering av inntil 10 prosent av timane i faga til andre fag**

*Heimel:*

*Fastsett av kommunestyret i Hyllestad kommune XX.XX.2026 med heimel i lov 9.juni 2023 nr 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 1-6. 2.ledd*

#### **§ 1 Formål**

Forskrifta har som føremål å auke elevane sitt engasjement, læringsglede og læringsutbytte ved å gje skulen rom for lokale tilpassingar på 1. – 10. trinn.

#### **§ 2 Verkeområde**

Forskrifta gjeld for grunnskulen i Hyllestad.

#### **§ 3 Kva forskrifta gjeld**

Skulen kan omdisponere inntil 10 prosent av timane i det enkelte fag slik desse er fastsett i den nasjonale fag – og timefordelinga for 1.- 10.trinn.

#### **§ 4 Rammer for omdisponering av inntil 10 prosent av timane i det enkelte fag**

Omdisponeringa skal nyttast for heile klassar/grupper eller trinn.

Omdisponeringa av timar mellom fag til andre fag eller tverrfaglege aktivitetar kan berre skje innanfor dei enkelte hovudtrinna: 1.-4. trinn, 5. -7. trinn og 8.-10. trinn.

#### **§ 5 Avgjerdsmynde**

Avgjerdsmyndet ligg hos rektor.

#### **§ 6 Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

## **AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:**

Lov 9.juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 1-6 andre ledd.

<https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§1-6>

## **KVA GJELD SAKA:**

Saka gjeld fastsetjing av lokal forskrift som gir skulen høve til å omdisponere inntil 10 prosent av timane i kvart fag i grunnskulen. Formålet med den lokale forskrifta er og å auke elevane sitt læringsutbytte og gjere det mogeleg med lokale tilpassingar i fag- og timefordelinga på 1.- 10. trinn. Forskrifta opnar for at skulen kan omdisponere inntil 10% av timane i kvart fag.

## **SAKSUTGREIING:**

Departementet fastset den nasjonale fag - og timefordelinga. Opplæringslova § 1-6 gir kommunane heimel til å fastsetje lokal forskrift om omdisponering av fag- og timefordelinga i grunnskulen. I lovteksten heiter det:

*«Departementet gir forskrift om kor mange timar med opplæring elevar i grunnskolen skal ha, kor mange timar som skal brukast til kvart fag, og korleis timane skal delast mellom trinna. Kommunen kan gi forskrift om at opptil ti prosent av timane i kvart fag i grunnskolen skal flyttast til andre fag eller brukast til særskilde tverrfaglege aktivitetar».*

Skulen har i periodar behov for å kunne omfordele og bruke fagtimar til særskilde aktivitetar. Det kan vere lokale aktivitetar, eller eit meldt behov i ein klasse eller på eit trinn. For at skulen skal kunne bruke denne fleksibiliteten, må kommunen vedta ei lokal forskrift om fag - og timefordeling og omdisponering av fag i inntil 10%.

## **VURDERING:**

Kommunedirektøren tilrår at kommunen nyttar mogelegheita til å omdisponere timar i fag til andre fag og tverrfaglege aktivitetar. Det vil gje skulen større handlingsrom og gjere det lettare å tilpasse fag- og timefordelinga til lokale behov og prioriteringar. Den nye opplæringslova utvidar ramma for omdisponering frå 5 til 10 prosent.

Skulen har allereie lokale tilpassingar, mellom anna undervisning for 7.trinn i Kvernsteinsparken for å styrke lokal tilhøyrslse og kunnskap om kulturarven. For skuleåret 2026-2027 vil ein bruke handlingsrommet til å prøve ut valfag på mellomsteget ( 5.- 7.klasse). Moglegheita til å omdisponere timar til tverrfaglege aktivitetarar òg i tråd med intensjonane i opplæringslov og læreplanverket.

Ved å nytte dette handlingsrommet kan skulen auke elevane sin motivasjon, meistringskjensle og læringsutbytte. Dette kan òg bidra til betre trivsel og førebyggje skulefråfall.